

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 165/2023

2023/EØS/87/22

av 13. juni 2023

**om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik
på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2022/431 av 9. mars 2022 om endring av direktiv 2004/37/EF om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XVIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XVIII nr. 14a (europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/37/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32022 L 0431**: Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2022/431 av 9. mars 2022 (EUT L 88 av 16.3.2022, s. 1).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv (EU) 2022/431 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. juni 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 13. juni 2023.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

⁽¹⁾ TEU L 88 av 16.3.2022, s. 1.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.